

## **3/24. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd 21.03.24**

Stad: Kyrkjelydshuset.

Tid: 19.00 – 21.00.

Desse møtte: Margun M. Tordal, Tor Håkon Berge, Lillian H. Fosse, Helena de Groen, Renate B. Nernes, Jorunn B. Lillefosse, Vetle Karlsen Eide (kom til sak 22/24)

Forfall: Kjell J. Hoff.

Orgelnemnda: Ulf Krupka, Olav Tombre, Anne Knutson, Hallgeir Aase.

Forfall: Oddvar Brakestad.

Margun yngste velkommen til soknerådet og orgelnemnda.

Renate hadde ord for dagen, «Hver dag er en gave».

Vi gjekk direkte til sak :

19/24: Orgelnemnd. Mandat og arbeidsoppgåver.

Margun la fram eit forslag til mandat på 6 punkter.

VEDTAK: Forslaget vart vedteke utan merknader.

Orgelnemnda og soknerådsleiar trekte seg så tilbake for å ha eit eige møte, og nestleiar Tor Håkon Berge tok over som møteleiar for soknerådet.

16/24: Godkjenning av innkalling.

VEDTAK: Godkjent med merknad om at den kom vel seint denne gongen.

17/24; Godkjenning av referat.

VEDTAK: Godkjent utan merknader.

18/24: Meldingar.

Tor Håkon orienterte om desse sakene:

- Dei som er med og arrangerer noko på kyrkjelydshuset må gje beskjed til leiar (nestleiar) om dato, type arrangement og antall deltagarar. Dette skal registrerast i årsstatistikken.
- Minna om oppstart av sundagsskule frå 24.04.24.
- Soknerådsleiarane har diskutert om Kvam skal skifta misjonssamarbeidspartner, skal vi fortsetja med Himalpartner, eller velgja ein

ny.

- Skal det innførast felles liturgi for alle sokna i heradet? Det vil letta arbeidet for organist/prest.

- Orientering om gjennomføring av årets fasteaksjon (19.03). Alle roder vart dekka sjølv om nokre av konfirmantane var sjuke. To frå soknerådet stilte som reservesjåførar. Alle fekk tilbud om bollar saft/kaffi når turen var utført, og vi fekk inn over 10,000,00 kr i kontantar. I tillegg kjem det som er vippa.

- «Use your talents». Vetle orienterte om temasamlingar som han kunne tenkja seg å få i gang frå hausten av. «Kva talentar har eg/vi?»

SAK 20/24: Fellesgudstenester i Kvam herad. Gudsteneste 13.10

Strandebarms.

Det er kome opp spørsmål om det er greit for Strandebarms sokneråd å ikkje gjennomføra gudsteneste siste søndagen i haustferien 13.10.24, og at det heller blir ei felles gudsteneste for heile Kvam i Øystese denne dagen?

VEDTAK: Soknerådet vedtok at dette var greitt.

SAK 21/24: Revidert møteplan for Strandebarms sokneråd og AU-møte.

VEDTAK: Revidert møteplan var vedteken.

SAK 22/24: Orientering om planar som er utarbeidde for bruk i kyrkjelyden:

Trusopplæringsplan/Diakoniplan/Kyrkjemusikalsk plan.

Vetle orienterte om desse forskjellige planane, og kva dei har å seie for vårt sokn, og kva det er vi må ha som mål med arbeidet vårt.

Soknerådet tek dette til etterretning.

SAK 23/24: Eventuelt:

- Det er laga ein instruks for kyrkjevertane, denne fekk vi delt ut.
- Det trengst folk til å hengje opp plakatar ang. påskegudstenestene. Dette ordna seg.
- Kyrkjebladet må delast ut til innbyggjarane frå Oma-Gravdal-Mundheimsdalen.

Dette vert gjort på mandag 25.03. av Margun og Jorunn.

- Neste soknerådsmøte vert 18.04.24.
- Lillian tok opp om vi kunne få ein rørleggjar til å sjå på kva som måtte gjerast for å gå reparert urinalen på herretoalettet ved kyrkja , den har vore ute av drift over lengre tid. Ho yngste også å få merka oppatt parkeringsplassane som er reservert for handikapparkering. Desse vert altfor ofte tekne i bruk av andre.

Jorunn B. Lillefosse

– ref.-